



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/605	03.07.2020	2020/12309 - 151325/2020	Lene Mordal, 71 28 03 22	28.11.2020

## Innspel til arbeid med strategi for folkemusikk og folkedans

Møre og Romsdal fylkeskommune ser med interesse på Kulturdepartementet sitt arbeid med strategi for folkemusikk og folkedans. Fylkeskommunen ønsker gjennom innspelet å bidra med informasjon om feltet i vårt fylke før og no, og med våre vurderingar av framtida sine moglegheiter og utfordringar.

Møre og Romsdal har ein rik arv i alle delar av fylket innanfor folkekultur. Profesjonelle kunstnarar held eit høgt nivå, og særleg i folkemusikken er der mange utøvarar. Profesjonelle folkedansarar er også representert, men få kunstnarar har denne profesjonen. Derimot er det mykje aktivitet på amatørfeltet, og dei frivillige laga og organisasjonane er spreidd over heile fylket.

Fylkeskommunen sitt arbeid med folkemusikk og folkedans er hovudsakeleg gjennom tilskot til og oppfølging av miljøa, og gjennom ei større satsing for feltet frå 2014 og til i dag. Programmering og distribusjon av produksjonar i Den kulturelle skolesekken (DKS) er eit systematisk arbeid som når ei særskild publikumsgruppe.

Tilskota er sjangeroverskridande, og fleire ordningar har stimulert feltet for folkemusikk og folkedans. Driftstilskot til organisasjonar, lag, institusjonar og museum, prosjekttilskot, kunstnarstipend, konsertstøtte, Møremusikarordninga (musikar- og arrangørstøtte) er verkemiddel som aktørane uansett uttrykk kan søke på. Eit godt eksempel på å nyttiggjere seg dei ulike ordningane til utviklingsarbeid og kunstnarleg aktivitet finns i prosjektet «Raudan gull», som folkemusikaren Jorun Marie Kvernberg har skapt i fleire versjonar over tid. Ved hjelp av fleire tilskotsordningar og ikkje minst i lag med samarbeidspartnarar lokalt og regionalt, har ho som kunstnar og entreprenør omsett ein grunnidé til ulike variantar i formidling av tradisjonell og nyskapande folkemusikk.

I 2014 starta fylkeskommunen eit større prosjekt for å ivareta og utvikle folkemusikk- og folkedansarven. Feltet i fylket blei kartlagt, aktørane blei involvert breitt. Forarbeidet avslutta med at det vart sett av 3 mill. kroner til det vidare arbeidet. Av dette fekk Folkemusikkarkivet i Volda i Møre og Romsdal 2,3 millionar kroner og eit særskild prosjektansvar, og i 2018 kunne dei tilsette to folkemusikarar i 40 % stilling i to år. Aktiviteten deira som mellom anna instruktørar og initiativtakarar har generert eit løft for feltet i fylket. I 2019 blei Folkemusikkarkivet slått saman med Musea på Sunnmøre (MUPSU), og Folkemusikkarkivet sitt regionale oppdrag vart forsterka ved at arkivet også fekk eit nytt oppdrag som fellesfunksjon for regionsmusea i Møre og Romsdal. Interkommunalt arkiv (IKA) i Ålesund har samstundes eit oppdrag om å digitalisere det skriftlege materialet i folkemusikken, og har til nå produsert og gjort tilgjengeleg om lag 8000 sider for Folkemusikkarkivet. Folkemusikkarkivet/MUPSU har også produsert og levert fleire DKS-produksjonar som er i bruk som verkstader og profesjonelle visningar, i Møre og Romsdal og landet elles.

Av musea i Møre og Romsdal er det særleg Musea på Sunnmøre og Romsdalsmuseet som nyttar folkemusikk og folkedans i verksemda; leikarringar, turismeopplevingar, kurs, utstillingar og opplevingsbaserte produksjonar.

Vi meiner at tilskota, saman med den fleirårige og systematiske satsinga knytt til eit kompetansemiljø som Folkemusikkarkivet og etterkvart MUPSU, har vore ein god veg å gå. Samanslåinga med ABM-sektor gir betre høve til å knytte kulturarvsarbeidet til musea sine oppgåver innan forskning, fornying, formidling og tilgjengeleggjering av både materiale, arrangement og anna formidling.

Fargespill har i fleire åra vore eit tiltak i Ålesund kommune som foreinar folkemusikk og -dans frå både Noreg og andre kulturar, og der profesjonelle og amatørar jobbar saman. I tillegg til Fargespill som opplæringsarena og kulturoppleving er dette også eit inkluderingsprosjekt. Både kommune og fylkeskommune har bidratt med midlar og kompetanse i prosjektet.

Kommunane har gjennom sine kulturskolar høve til å bidra til rekruttering i sjangeren, men få nyttar seg av det. Av 26 kommunar reknar vi med at det er under 10 som gir tilbod om opplæring i folkemusikk og folkedans. Dei stadene som lukkast oppgir tre element som suksessfaktorar: kompetanse i kulturskolen si bemanning, aktive lag i kommunen og samhandling mellom kulturskolen og laga.

Dei regionale kompetansesentera for musikk skal vere sjangeroverskridande, men med kunnskapen vi har per i dag har ikkje aktøren for Midt-Noreg vore delaktig i utviklinga i feltet.

Hovudutfordringa på folkemusikk- og folkedansfeltet i fylket er rekruttering og folkedansutviklinga. Lag og organisasjonar opplever utfordringa med færre medlemmar, og at eldsjelene forsvinn etterkvart som dei blir eldre. Dei ønsker å både ta vare på og jobbe for ein auka popularitet for sjangeren, og at folk skal få auga opp for korleis bruken av dansen og musikken kan bli ein positiv aktivitet i livet deira, skape trivsel og bulyst. Å sikre rammevilkåra for og stimulere dei frivillige organisasjonane som tek vare på, formidlar og utviklar denne tradisjonsarven, vil vere viktig framover. Innanfor folkedans er det profesjonelle nivået bekymra for utdanningsmoglegheitene i landet. I motsetnad til folkemusikken er det i folkedansen per i dag ingen høgare utdanning, og ein fryktar at faget og profesjonen vil forvitre raskt.

Moglegheitene for å stimulere feltet er mange, og å sette ein nasjonal strategi på agendaen er eit stort skritt i riktig retning. Materialet og arven er til stades, det handlar meir om å rigge seg for framtida og å gjere dei riktige tiltaka. Tilskotsporteføljen, den praktiske samhandlinga og politikken må spele på lag. Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår at ABM-sektoren får ei sentral rolle i styrkinga av feltet, men det utelukkar ikkje at det blir etablert regionale funksjonar mellom relevante organisasjonar som til dømes FolkOrg, Noregs Ungdomslag og musikkråda som samarbeider om bruk av dei same instruktørane eller skaper programsatsingar på tvers.

#### Oppsummering

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at politikk og forvaltning framleis må gje finansiell støtte til feltet, og vi ønsker gjennom nasjonal kulturpolitikk å bli satt ytterlegare i stand til å yte denne støtta.

Innanfor opplæring er det potensiale for heving av uttrykka hos kulturskolane og i DKS. Den nye barne- og ungdomskulturmeldinga kan inkludere forventningar og krav til kulturskolane om meir aktivitet og opplæring i norsk og internasjonal folkemusikk og folkedans. I tildelingsbrevet for DKS kan ein vurdere om sjangeren skal prioriterast, slik som samisk kultur og nynorsk er i dag.

Noreg bør innan kort tid tilby utdanning av folkedans på eit høgt profesjonelt nivå.

Lag og organisasjonar bør i enda større grad ha og nytte mobile instruktørar som bidreg til rekruttering og kompetanseheving for deltakarar i alle aldra.

Det bør vurderast om dei regionale kompetansesentera for musikk og dans som får tilskot frå Kulturrådet, bør bli involvert som aktørar i strategien i kraft av deira mandat om å vere sjangeroverskridande.

ABM-sektoren bør i strategien få ei sentral rolle i arkivering, tilgjengeleggjering, formidling, forskning og fornying. Det må vere samhandling om forvaltninga av ressursane i ABM og dei tre forvaltningsnivåa.

Norske minoritetskulturar og internasjonal folkemusikk og folkedans som er representert i befolkninga er ofte ikkje identifisert. Ei satsing på kartlegging av denne usynlege eksistensen og eventuelt kompetansen vil vere eit bidrag i mangfaldsarbeidet.

Vi trur at dersom strategien stiller ei forventning til aktørane om meir samhandling kan det gi meir aktivitet og ivaretaking av dei tradisjonelle uttrykka, samstundes med at arbeidet med mangfald og fornying blir mindre fragmentert enn det er i dag.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
kulturdirektør

Lene Mordal  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*